



DEN NORSKE KYRKJA
Volda kyrkjelege fellesråd

dok 360

Kultur- og Kyrkjedep.
200800738
8.9.08
Kode Ki-501

Kultur- og Kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Vår ref.: 002.9 181 - 2008

Deres ref.:

Datert: 02.09.08

Høring - innstillinga Styret demokrati i Den norske kirke

Tidspunktet for utsendinga av høringa og høyringsfristen har gjort det vanskeleg for sokneråda og fellesråda å gjere eit grundig arbeid med høringa.

Fellesrådet har likevel makta å drøfte innstillinga på eit møte og har følgjande merknadar til innstillinga:

Vi ser positivt på tiltaka utvalet skisserer for å auke interessa for soknerådsvæl støtter følgjande tiltak:


- Felles valdag over heile landet same dag som Stortingsvalet, i lokale i nærleiken av Stortingsvalet og med same opningstid som dette.
- Gode høve for forhandsrøysting
- God informasjon om nominasjon og valprosess
- Utsending av valkort til alle med røysterett
- Lettare høve til å få røysterett i et anne sokn enn der ein er busett.
- Senka røysterettsalder til 15 år.
- God opplæring av folkevalte og valmedarbeidarar.
- Betre ordningar for godtgjering, frikjøp og kompensasjon for tapt arbeidstid forrådsmedlemmer og valmedarbeidarar

I tillegg bør ein vurdere å endre teljereglane ved soknerådsvæl. Dagens ordning med at berre dei øvste plassane på røysetetelen, som svarar til talet medlemmer og varamedlemmer, får stemmer ved opteljninga bør avviklast. Dette er ei ordning som er vanskeleg å forstå for veljarane og fører til at kandidatar som står lenger ned på lista i praksis ikkje vil kunne få nok stemmer til å kome inn som medlem eller varamedlem.

Fellesrådet opplever at utvalet sitt framlegg til endring av valordning for og samansetning av Bispedømeråd og Kyrkjemøte svekkjer den teologisk kompetansen i desse styringsorgana. I eit kyrkjesamfunn, som Den norske kyrkja er, kan ikkje lærespørsmåla bli avgjort gjennom demokratiske prosessar åleine. Dei demokratiske prosessane og det ålmenne prestedøme må balanserast betre mot teologisk kompetanse enn det vi opplever utvalet legg opp til i innstillinga.

Fellesrådet opplever det som eit dilemma at ein legg opp til å bruke så mykje som 80 -100 millionar på utvikling av demokratiet, når ein stadig opplever at det manglar økonomiske ressursar på område som diakoni og trusopplæring.

for Volda kyrkjelege fellesråd


Jostein Strøbø
Kyrkjeverje

Adresse:
Postboks 17
6101 VOLDA

Tlf.: 70074095
Fax: 70074091
e-post: kyrkjeverja@volda.kyrkja.no

Org.nr.: 976997158